

Svar til Magnar A. Bakke på innlegg om

«Major Oliver H. Langeland og vår tid»

I Fjordabladet torsdag den 20. februar dreg Magnar A. Bakke nokre paralleller mellom utfordringane Norge hadde i 30-åra med ulike signal om ein føreståande invasjon, og dei utfordringar vi har i dag med asylsøkarar og innvandring.

Som forkjempar for sine synspunkt og ei sak han trur på, må ein nok berre tilkjenne Bakke retten til å bruke dei muligheter som byr seg, men ein kan nok diskutere det moraliske i å dra Oliver sitt namn inn i dette.

Ytringsfridom var noko Oliver H. Langeland også kjempa for, og som vi alle bør kjempe for, men vi må samtidig vere oss bevisst at denne ytringsfridomen også medfører eit ansvar.

Så er det gjerne ulike meininger om kva ytringsfridom er og korleis den bør nyttast. Ut ifrå mitt syn, bør ytringsfridomen brukast til å fremme rettferd, samhald og demokrati og ikkje til å skape strid og hets mot svake grupper i samfunnet eller sjuknare enkeltmenneske som har andre meininger enn ein sjølv (les ordførar Alfred Bjørlo).

Som det tydeleg vert presisert i saka om minnesmerke over major Oliver H. Langeland i avisas den 6.februar, er dette eit minnesmerke over krigshelten og rettferdsforkjemparen Langeland. At det ligg mykje politisk sprengstoff i fotsporet til Oliver, er det ingen tvil om. Og at nokon kom til å bruke dette for å fronte sine politiske holdningar, var vel heller ikkje heilt uventa.

Som Bakke skriv, var nok Oliver ein sanningssøkar også, men

fyrst og fremst hadde han ein svært sterkt rettferdssans. Han påpeika mellom anna den urett som vart gjort mot mange passive NS-sympatisørar, og vart for det sjølv stempla som nazist. Rettferd var for han overordna rette, nasjonalitet og politisk ståstad.

Om ein kan dra nokon direkte

parallel mellom faren for militær invasjon, og mottak og hjelpe til innvandrarar er det nok ulike meininger om. Å bruke Oliver Langeland til å fronte eit slikt syn, trur eg han ville vere lite glad for. Som sagt var han eit utprega rettferds menneske som stod opp for dei som leid nød. I tillegg hadde han sjølv 3 sysken

som var innvandrarar, forskjellen var berre at desse vart sett på som utvandrarar her, men dei vart innvandrarar i Amerika.

Oliver vaks opp i ei tid der det for mange var vanskeleg både økonomisk og sosialt, og mange måtte difor gå til det drastiske steg å reise frå sitt heimland og bli innvandrarar i eit anna land. Han kjende såleis til dette og kva det kunne medføre.

Eit anna spørsmål er då korleis Norge som nasjon tar imot dei som innvandrar, og kva krav ein


Innlegg kan du sende til Fjordabladet, Rådhusvegen 6, 6770 Nordfjordeid, eller på e-post: redaksjon@fjordabladet.no.

Lange innlegg kan verte korta ned.

stiller til dei om tilpassing til vårt samfunn. Her kan vi nok vere ei nige om at alt ikkje er heilt som det bør vere, men det er ei anna sak.

Det som er saka her, er at Oliver H. Langeland sitt namn vert brukt i politisk retorikk, mot innvandrarar som gruppe. Dette tar eg sterkt avstand frå!

John Olav Vereide



Major Oliver Hansen Langeland.

BUSTAD

Stor flott enebolig
til salgs! Kilura 8 (nederste del
av Myklebuståsen).
5 soverom. Fin utsikt.
Tlf. 995 07 207.

SJÅ HER! Vi kjøper og rydder opp

i landbruks/ anleggssbransjen.
Vi henter med lastebil, med
container / flak etter avtale.
Landbruks, anlegg, tunnel,
gruve, sandtak, traktorer,
lastebiler, gravemaskiner,
traktorgravere, skurtreskere,
hengere, sorteringsverk,
båter, tankar, stålskrot osv.
Vi betaler etter avtale.

Ring EBEX-24
Tlf. 922 40 924

Ønsker du katt?
- vi har mange



Dyrebeskyttelsen
NORGE SØGN OG FJORDANE
www.dyrebeskyttelsen-efj.no

TIL VÅR KOMMENDE BUNNPRISETTIKK SANDANE SØKER VI:

MEDARBEIDERE HELTID/DELTID

Vi søker medarbeidere til vår nye butikk. Du må være serviceinnstilt, ha høyt arbeidstempo, ansvarsfull og ryddig i arbeidet. Vi søker deg som liker å jobbe med andre mennesker og som også kan jobbe selvstendig. Viktig at du har godt humør, god livsførelse og kan stå på i hektiske dager.

Arbeidstid: Dagtid og kveldstid, mandag til lørdag. Vi søker både heltid, deltid og ekstrahjelper. Vi tilbyr en spennende arbeidsplass med erfarte butikkmedarbeidere og lønn etter avtale.

Vi åpner medio mai.

Søknadsfrist alle stillinger: 28. februar

For spørsmål ang. stillingen ta kontakt med Driftsjef Kai Arild Myrild på tlf. 900 60 033 E-post: kai.arild.myrild@bunnpris.no

Søknader med CV og attester/vitnemål sendes på mail eller pr. post
Kai Arild Myrild, Golvsgangene 56, 6770 Nordfjordeid.

Merkes: Bunnpris Sandane og hvilken stilling du søker på.

BUNNPRISS

Tak- og feiestiger til lavpris!

Vi selger nå ut et stort parti typegodkjente feiestiger til en meget god pris.

Vi leverer og monterer takstiger i alle lengder, til alle typer tak, i hele fylket.

Våre stiger er lagd av pulverlakkert stål, fullt justerbare med innfestninger til alle typer tak.

Ta kontakt i dag for pris på stige ferdig montert på ditt tak. TLF: 966 84 250

Skrivekurs

Førde Hotell, 21. - 23.mars 2014.
Vi startar fredag kl. 17.00

Lærar vert Rolf Losnegård og temaet er
Handfaste historier.

Dette er eit frittståande framhald frå siste kurs,
nye deltakarar er også velkomne til å verte med.

Pris for medlemer kr. 400.

Pris for ikke-medlemer kr. 700.

Evt. hotellopphald kjem i tillegg.

Pris for fullpensjon på hotellet, per doig kr. 1590.

Påmelding innan 10. mars.

Helge Årøen, tlf. 93 01 46 63,

Olaug A. Haugen, tlf. 90 14 17 75.

Arrangør:
Sogn og Fjordane skrivelag



Resepsjonsansvarleg
Kurs- og konferanseansvarleg

Eitt års vikariat

BEST WESTERN Skei Hotel søker resepsjonsansvarleg
og kurs- og konferanseansvarleg for tilsetjing
1. mai eller etter nærmere avtale.

Begge stillingane gjeld heiltids vikariat for eitt år.

For fullstendige opplysningar om stillingane
kontakt hotelldirektør Terje Kleveland på 926 37 181.

Søknad med CV og referansar sendast til
terje@skeihotel.no innan 7. mars 2014.

www.skeihotel.no



BEST WESTERN
SKEI
Hotel